



Dei fem som her spelar "Jeg er så glad hver julekveld" er trioen Katrine Yri Røssland, Anne Marthe Guddal Zimmer og Synnøve Bringedal på cello og duoen Siri Skarsjord og Siv Hanne Kjærland på fløyte. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det var i kaldaste laget for nokre instrument, til dømes var tubaen til Thomas Halvorsen iskald då han til og med skulle spela solo på instrumentet. Men han mestra utfordringa og det vart i det heile ein varmande time då musikkskulen inviterte til avslutningskonsert i Helgheim torsdag ettermiddag. Og då tre jenter med cello og to med fløyter sette sluttstrek med "Jeg er så glad hver julekveld" kom tilhøyrarane i den rette julestemninga.**

– Vi har eit fint program, lova programleiar, lærar og skulekorps-dirigent Kjell Skarsfjord og han og elevane heldt ord. Det er lite som tyder på rekrutteringssvikt i musikklivet i bygda hvis ein tek utgangspunkt i denne konserten. Fleire av numra som dei unge gav seg i kast med var relativt krevjande.

Lærarane Skarsjord, Marko Erdevicki, Sarah Corbisier og Clive Andersson presenterte "sine" elevar og spelte saman med dei. Konserten understreka til fulle det verdfulle internasjonale miljøet som musikkskulen må vera prega av.

Noko anna som gjorde inntrykk var spennvidda reint instrumentalt: Elevane spela på cello, fiolin, kornett, horn, grovmessing, fløyte, piano og gitar.

Av Ola Matti Mathisen



To gitar-debutantar, Johannes Haugland og Hermund Døssland, spelar saman med lærar Marko Erdevicki, som er frå Serbia. (Foto: Ola Matti Mathisen)